

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 2.okt 2025 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Sigrud «De som bar den lamme mannen til Jesus»

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Sigrud Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Dag Sele, Knut Johannes Gram, Dag Kjetil Lægred (1. vara), Runar Isdahl (2.vara) og Åslaug Nag (3.vara).

Forfall: Magne Andresen og Randi Agnete Nysæter

2025/36 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2025/37 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2025/38 - 330 Trusopplæring i soknet

vedl 1

Solbjørg tek del i møtet og gir ei orientering om arbeidet i soknet og om endringane som følgjer av at trusopplæring vert til kyrkjeleg undervisning og læring. Soknerådet ønskjer særleg å høyre om moglegheiter og utfordringar i arbeidet, inkludert erfaringar med meir involvering av frivillige i ein del tiltak det siste året.

Aktuelle tema for samtalen:

- Kva er status og erfaringar frå dei ulike tiltaka i trusopplæringsplanen?
- Korleis vil/bør endringa til kyrkjeleg undervisning og læring påverke arbeidet i soknet?
- Korleis har det fungert med samlingar utan tilsette i leiinga?
- Korleis følger vi opp frivillige innan trusopplæringa?

Moment frå samtalen i møtet:

Solbjørg orienterte om den nye nasjonale planen for «Kyrkjeleg Undervisning og Læring» (KUL) som erstattar trusopplæringsplanen «Gud gir – vi deler», og kva omlegginga betyr. Sjå vedlagd presentasjon som vart heldt i møtet. (Vedlegg 1). Stikkord:

- Fra trosopplærere til undervisningsansatt
- Utvida aldersgruppe: frå 0 – 18 til born, ungdom og vaksne – men med framleis ekstra fokus på aldersgruppa 0-18 år.
- Bygge ned skilje mellom breiddetiltak og kontinuerlege tiltak
- «Kyrkja vår» som felles planverktøy, ikkje eige system for trusopplæring lenger.
- 6 ulike rammeplanar under utarbeiding – kjem truleg i 2026
- Diskuterer omgrepa «undervisning» og «læring» som utfyller kvarandre. KUL skal romma begge omgrepa i måten vi tenkjer på.
- Hvordan invitere alle inn i vår «arena»

Vidare orienterte Solbjørg om status i arbeidet lokalt, og det vart ei drøfting om ulike tema innan dette arbeidet. Her er nokre stikkord:

- Medarbeidarane innan KUL har starta arbeidet med omlegging frå trusopplæring til KUL, men me skriv ikkje nye planar før rammeplanane nasjonalt har blitt lagt fram.
- Ein vil framleis vektleggje tiltak for born og unge, men ser at planen gjer det lettare å kombinere arbeid innan diakoni, undervisning/læring og anna kyrkjelydsarbeid.
- «Å lære er å oppdage»
- Ein prøver å tenkje meir på tvers av aldersgrupper og generasjonar, t.d. å la konfirmantane ta del i oppgåver som utdeling av 4-årsbok.
- Me ønskjer å halde fram med punkttiltak som er godt innarbeidde (4-årsbok, tårnagent, lys vaken osv).
- Det er framleis vakanse i stillingar innan undervisningsområdet, og både Lys Vaken, Tårnagent og Amigoskveld har vore gjennomført med frivillige i leiinga i staden for tilsette. Takk til dei som har stått på her! Hildegunn og Fredrik Gaustad har sagt dei kan

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

tenkje seg å ha ansvar for Lys Vaken også neste gang, og Anita Skjæveland er med på fleire tiltak framover.

- Det er god oppslutnad om julevandring og skulegudstenester på Stord. No byrjar «påmeldinga» for årets opplegg.
- Spørsmål rundt korleis ein arbeider med informasjonsarbeid på sosiale medier. Facebook og Instagram er i bruk. Babysong har teke i bruk Spond.
- Arbeider med å få opp att «Her og der» tiltaket.

Vedtak: Soknerådet tek orienteringa til vitande.

2025/39 - 023 Visjon for soknet

Soknerådet drøfta i vår om ein skal starte eit arbeid for å jobbe med visjon / fokus for soknet.

Stord sokn har for tida følgjande visjon for arbeidet: «*Livet i fokus, nær Gud - nær menneske*». Denne vart utarbeidd av soknerådet for 2 periodar sidan og er ikkje aktivt i bruk i arbeidet i soknet no. Visjonsdokumentet vart sendt ut før møtet.

Ein visjon er eit framtidsbilete som uttrykkjer kva retning den lokale kyrkja vil gå, og kva ho drøymmer om å bety for menneska og lokalsamfunnet. Ein tydeleg visjon gjer arbeidet samla og målretta, slik at alle kan sjå korleis deira innsats bidreg inn i noko større.

Visjonen i seg sjølv er gjerne formulert som ei kort setning, men det er fullt mogleg å utdjupa meininga i han ved å lage nokre beskrivande setningar om korleis vi ønskjer at det skal opplevast å ta del i det som skjer i soknet.

Soknerådet drøftar korleis ein vil arbeide med dette temaet, t.d. på neste soknerådsmøte som er planlagd som ei utvida samling.

Moment frå drøftinga i møtet:

- Fleire peiker på at arbeidet med visjon kan vere viktig, uavhengig av resultatet.
- Eksisterande visjon er lite kjend for både soknerådet og staben.
- Målet må vere å få ein visjon som er så enkel som mogleg. Den tidlegare visjonen vart kombinert med eit arbeidsprogram / plan for soknet – det ønskjer vi ikkje blande saman.
- Det bør vere noko som karakteriserer oss og noko å strekke seg mot. Kor vil vi?
- Viktig at ein bruker visjonen aktivt når ein får fram ein ny ein – så den sett seg.
- Forskjell på visjon og slagord.

Vedtak: Soknerådet vil starte arbeid med ny visjon og fokus for soknet og det blir tema for neste soknerådsmøtet.

2025/40 - 360 Møtehelg våren 2026?

Er det aktuelt med møtehelg til våren? Erfaringar frå førre år ift økonomi. Kva ramme går vi inn i dette med til våren?

Moment frå samtalen i møtet:

- Jørgen orienterte om at komiteen (Jørgen, Svein Bjarne Aase og Henriette Bjørnevik) er i gong med planlegging for møtehelg i 2026, og at Egil Svartdahl har sagt ja til å kome helga 20-22.februar 2026. Koret «Voice of joy» er og spurd om å delta.
- Ein legg opp til at Leirvik bedehus står det praktiske rundt økonomien, og at det er ei deling av det økonomiske mellom arrangørane. Forslag om at kollekten søndag går til møtehelga, og at Stord sokn kan bestemme om overskotet går til misjonsprosjekt eller anna.

Vedtak: Soknerådet gler seg til ny møtehelg og støtter at det vert arbeidd med dette - og ber komiteen kome tilbake til rådet med eit budsjett og ein plan for korleis økonomien skal handterast denne gongen.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2025/41 - 211 Ny sokneprest i Nysæter sokn

Som eit ledd i tilsettingsprosessen for ny sokneprest i Nysæter sokn vil Stord sokneråd bli bedt om å gi ein uttale, truleg i perioden 3.okt – 15.oktober.

Moment frå samtalen:

- Usikker på om Stord sokn vil bli bedt om uttale, og kor naturleg det er å gi uttale.
- Naturleg at Nysæter sokneråd er den førande stemma i dette.

Vedtak: Soknerådet gir AU fullmakt til å gi uttale i saka på vegne av soknerådet dersom uttale skal inn før soknerådet har neste møte.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
 - a. Jørgen orienterte m.a. om at kyrkja vart opna i anledning dødsulykke (A. Brask).
 - b. Musikalske aktivitetar framover: Salmar på Osvald (3.okt) og korgudsteneste (5.okt)
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
 - a. Arbeidast med rekruttering av ny kyrkjeverje, samt budsjett for 2026
3. Ungdomsråd
 - a. Løypemelding om at ein ungdom har sagt ja til å vere med i ungdomsråd. Runar arbeider med å spørje fleire.
4. Drøfting rundt kommunikasjon og samspel i soknerådet – oppfølging av medarbeiderdag
5. Ny dato for neste soknerådsmøte vert onsdag 5.nov kl 17-21. Dette vert eit utvida møte med visjon som hovudtema.
6. Informasjon frå samlinga «Heftig & Frivillig» arrangert av Stord Kommune 23.sept
 - a. Magne Andresen deltok på samlinga, som var ei blanding av inspirasjonsforedrag og informasjonsdeling. Oppmoding om å dele informasjon om opne aktiviteter på Aktivitetskalenderen som fins på <https://stord.aktivitetforalle.no> (Men den er visst ikkje ferdig utvikla enno). Gjeld ikke faste øvingar, men konsertar, møter og anna som er opent for alle.
7. Orientering frå Bjørgvinsamtalen 27.sept
 - a. Sigrid, Runar og Dag deltok på *Bjørgvinsamtalen* i Skjold kyrkje 27.september, i regi av Bjørgvin bispedømeråd. Samlinga var både til inspirasjon og for å knyte band. Mange delte informasjon om kva dei gjer i kyrkjelydane lokalt, og det var både gode idear til inspirasjon og trøyst i å sjå at andre har noko av dei same utfordringane. Kjekt å få lov å fortelje om alt vi gjer, også på Stord!
8. Påmelding til Prostimdagen 16.oktober:
Disse har meldt seg på Prostimdagen: Dag, Sigrid, Leif Steinar, Anders og Knut (etter middag)

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Undervisningutvalet 11.jun
2. Referat, Kyrkjestova Fredheim 25.aug
3. Referat, diakoniutvalet 25.aug
4. Referat, undervisningsutvalet 28.aug

Anders Dahl
Soknerådsleiar

Kirsti Frugård
referent